



Elevrådsrepresentantane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3198 - 15/30844

Saksbehandlar:

Hilde Marit Reigstad

Hilde.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

25.09.2015

Referat frå elevrådsmøte 23.09.2015

05-2015/16 Synleggjering av elevrådet.

Ein snakka om korleis elevrådet kan vere synleg ute blant elevane. Elevrådet må vise at vi er der. Det er viktig at alle har klasseråd mellom elevrådsmøta. Nokon nemnar å uniformere elevrådet. Fleire vil ha ein vest eller jakke som står «Elevråd» på. Representantane kan gå med vest ute og gje beskjed til vaksne om det er noko. Dei kan og snakke med elevar ute, hjelpe til med å danne lag og arrangere leikar. Nokon ønskjer å reklamere for elevrådet ved å lage plakatar med bilete av representantane og skrive kva oppgåvene til elevrådet er, kva elevrådet kan bidra med etc. Elles er det viktig å halde fram med Garderobeaksjonen og dermed bidra til at det er orden i gongane. Elevråds kafè vil og vere ein fin synleggjering av elevrådet. Vi vil snakke meir om dette på neste møte.

06-2015/16 Psykososialt skulemiljø – friminutta

Få trivselsleiarar ute i friminutta. Elevrådsrepresentantane vil gjerne bidra. Alle elevane på mellomtrinnet bør få høve til å bli trivselsleiar. Trivselsleiarane kan arrangere aktivitetar og vere dommarar.

Elevrådsrepresentantar kan vere trivselsleiarar og gå rundt og snakke med elevar på skulen. Ein kan sjå om det er noko som skjer og eventuelt spørje nokon om kvifor dei evt kjeder seg.

Elevrådet ser at det ikkje er alle elevar som trivest i friminutta. Det er nokre namn som går igjen når det er spørsmål om det er nokon elevar som plagar. Går det an å gjere noe med desse elevane? Kanskje dei ikkje har det så bra sjølv sidan alle klagar på dei. Her kan elevrådsrepresentantar gå framfor som eit godt eksempel og snakke/vere med desse elevane. Elevrådsrepresentantane kan og vere nokon å komme til dersom nokon ikkje har det bra. Elevane er klare på at fleire blir plaga innimellom utan å seie ifrå.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



For at ting skal bli betre har elevrådet nokre punktar:

- Få aktive vaksne ute. Ikkje sende elevar til annan vaksen når ein blir spurd om t.d. å danne lag.
- Elevar bør ikkje få ta eigne leikar med på skulen. Stoppe dette.
- Forbod mot å sykle over kanonballbana og fotballbana.
- Musikk i vindaugget var kjekt. Er dette noko elevrådet kan ha av og til?

07-2015/16

Saker frå klassane

Lista er ei oppstilling. Elevrådet vil gå gjennom lista på neste møte.

- Nye sykkelstativ. Mange ekstra sykklar no. Fleire på småskulen sykklar.
- Sparkesyklane må stå ein annan plass ute.
- Meir utfluktar til by'n.
- Betre pultar (dei vippar veldig).
- Vestar i utlånsboden – til å danne lag i friminutta.
- Bosskorgar ute. (Elevrådet kan tømme).
- Alle bør ta sykkelprøven før ein får sykle til skulen.
- Pusse opp ballbingen.
- Fleire leikestativ ute.
- Klokke i gymsalen med pleksiglass på.
- Spegel i gutegarderoben i gymsalen. På doane v/ uglevestibylen og. Fleire i jentegarderoben.
- Ballpumpe til utlånsboden.
- Hestevogn.
- Meir aktivitetar i friminutta.
- Fleire paradis.
- Kastsirkel.
- Nye nett i måla ute.
- Berre to dusjar som virke i gutegarderoben i gymsalen.
- Reinare toalett.
- Korleis få bukt med at nokon kastar småstein på kunstgrasbana og i sandkassa?
- Korleis få bukt med at nokon sykklar på fotballbana?

08-2015/16

Eventuelt

Evaluerer av vennskapsveka. Alle er einige i at det er bra å ha ei slik veke. Kjekt å bli kjent med nye klassar. Bra å ha felles lunsj og frukost ein dag. Veka var godt arrangert, men det kunne kanskje ha vore meir opplegg. Nokre elevar sakna rekordboka (kanskje dette kan vere noko elevrådet kan ta). Alle har lært mange nye namn på elevar på skulen. 7. trinn synest det var dumt med leirskule veka før då dei ikkje fekk øvd inn Blime-dansen.

Med helsing

Hilde Marit Reigstad
inspektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Leif Bjørnar Hopland

Mottakarar:
Elevrådsrepresentantane